

# Partnerskapsavtale mellom Innovasjon Norge Vestland, Siva, Norges Forskningsråd, Vestland fylkeskommune

## Formål og forankring

Formålet med avtalen er å sikre god koordinering og samhandling mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge Vestland, Siva og Norsk Forskningsråd, og optimal bruk av regionale og nasjonale verkemiddel, jamfør nasjonal samhandlingsmodell. Partnerane skal utfylle kvarandre gjennom dialog og kompetanse, og bruke kvarandre som ressurs for å nå felles mål om næring-, kunnskaps- og innovasjonsarbeidet i regional planstrategi for Vestland.


Vestland fylkeskommune har eit hovudansvar for å koordinere samarbeidet gjennom si samfunnsutviklarrolle.

Avtalen og innhaldet er forankra i dei til ein kvar tid gjeldande planar, blant anna Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 med følgjande hovudmål:

- Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, eller «Berekraftig verdiskaping», blir vedteken av fylkestinget i juni 2021. Planen har følgjande satsingsområde:

- Grøn næringsutvikling: Handlar om at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
- Innovative og inkluderande samfunn: Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemder, samfunn og innbyggjarar. Inkluderande samfunn tek vare på mangfald og motverkar utanforskap.
- Areal til næringsutvikling: Omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling
- Kompetanseutvikling: Korleis utvikle og rekruttere den kompetansen Vestland treng til «den store omstillinga».



Dei 17 berekraftmåla til FN, med 169 undermål, er overordna og førande for samfunnsutviklinga i Vestland.

Partnerskapen møtest halvårleg. Partane skal gjere det dei kan for å sikre gjensidig informasjon om saker og tiltak/ordningar. Slik kan det samla resultatet av innsatsen partane gjer bli betre. I møta definerer partane samarbeidsrutinar og oppfølgingsansvar av konkrete oppgåver.

Avtalen gjeld til ny avtale er signert.

## Felles innsatsområde

### Samarbeidsarenaer

Det er ei forventning til at partnerskapen deltek på dei arenaene som bidreg til å skape nye verdikjeder og utvikling av Vestland, som til dømes i det regionale organet Næringsforum Vestland, i FoU-forum Vestland, og i utvikling av Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Det er eit mål at dei ulike partane brukar ordningane til dei andre for å forsterke den samla innsatsen. Døme er at inkubatorar og næringshagar bidreg til at Regionalt forskingsfond Vestland og Forskningsrådet sine generelle ordningar blir kjende for brukarane, og at Innovasjon Norge brukar næringshagar og inkubatorar som ein stad der dei gjer sine ordningar tilgjengelege.

### Samarbeidsformer

Det er ein felles ambisjon i partnerskapen om å styrke samarbeidet knytt til forvaltning av verkemidlar for bedrifter. Fylkeskommunen har dei seinare åra fått styrka ansvar for ordningar retta mot bedrifter som RFF, FORREGION og BIO midlar, samt innan landbruk og marin sektor. INNOVASJON Norge og Forskningsrådet har lang erfaring med støtte til enkeltbedrifter, medan Siva støttar bedrifter gjennom innovasjonsselskap. Partnerane er samde om å arbeide for ei lik forvaltning av regelverk knytt til samanliknbare støtteordningar og å utveksle kunnskap om søknader og søknadsprosessar der det er tenleg og mogeleg innanfor gjeldande regelverk.

Partnerskapen har ulik organisering og geografisk lokalisering. Det er likevel eit felles mål både å oppretthalde og vidareutvikle det å vere regionalt til stades, samt å styrke det regionale engasjementet innan kvar partner sitt ansvarsområde.

### **Klyngeprogrammet**

Det er eit mål å legge til rette for at miljø og bedrifter kan ta del i nasjonale strukturar og ordningar som bidreg til verdiskaping, som klyngeprogrammet, men også meir uforma og umodne nettverk. Spesielt er det relevant for klyngefylket Vestland å arbeide for hub-node konstellasjonar, der modne klynger kan bidra til verdiskaping i heile fylket.

### **Katapultordninga**

Det er eit mål å gjere den nasjonale katapult-ordninga kjend og få næringslivet til å bruke dei nasjonale sentera. Det er også eit mål å utvikle eksisterande og nye katapultar som kan sikre vidare verdiskaping. Miljø som ikkje sjølv har status som nasjonale katapultsenter, bør motiverast til å søkje samarbeid med katapultar i hub-node strukturar. Fylkeskommunen kan i større grad brukast som ressurs i mobilisering til, og bruk av katapultordninga.

### **Næringshage- og inkubasjonsprogramma**

Det er eit mål å bygge sterke og kompetente regionale motorar som kan bidra til verdiskaping i heile fylket. Det er eit mål at desse skal vere aktive bidragsytarar inn i partane sitt utviklingsarbeid for verdiskaping i Vestland.

Fylkeskommunen involverer relevante partar når det blir oppretta nye næringshagar eller inkubatorar.

### **Forskingsmobilisering**

Forskingsmobilisering blir viktig i omstillingstid. Alle partane skal stø arbeidet med mobilisering til regionale, nasjonale og internasjonale forskingsprogram og ved eventuelle kapasitetsløft når dette er naturleg. Det er ein felles ambisjon om å bidra til konkrete mobiliseringsaktivitetar som prosjektverkstader, søkjarkurs eller annan informasjonsverksemd knytt til forskingsmobilisering.

Særleg skal partnerskapen bidra til å styrke FORREGION programmet, som har ei særleg oppgåve i å mobiliserer regionale bedrifter til å nytte meir forskning i sitt innovasjonsarbeid. Det er viktig at partnerskapen medverkar til å oppretthalde god kvalitet i mobiliseringsarbeidet, også om det kjem organisatoriske endringar og andre rammeføresetnader for dette viktige arbeidet.

### **Eksport og internasjonalisering**

Vestland fylkeskommune vil følgje opp arbeidet med å ruste opp organiseringa av eksportapparatet til norsk næringsliv. Partane meiner at dette best kan gjerast av Innovasjon Norge med utgangspunkt i tett kontakt med dei eksporterande bedriftene i fylket.

Innovasjon Norge bør, i samarbeid med Siva og operatørane i innovasjonssystemet, gjere Innovasjon Norge sin kapasitet og kunnskap om Internasjonalisering, eksport og finansiering meir tilgjengeleg for verksemdene som er engasjert gjennom inkubatorar og næringshagar.

### **Heilskapleg system for entreprenørskap og nyskaping**

Vestland fylkeskommune legg stor vekt på å etablere eit nytt system for entreprenørskap og nyskaping, og inviterer partnarane i avtalen til å delta i utforminga. Systemet vil også vere til god hjelp for partnarane sjølve.

## Underskrifter

Stad og dato

Stad og dato

.....  
Norges Forskningsråd

.....  
Innovasjon Norge Vestland

Stad og dato

Stad og dato

.....  
Vestland fylkeskommune

.....  
Siva

### **Vedlegg:**

Nasjonal modell for samarbeid mellom fylkeskommunane og verkemiddelaktørane